

# Nynorskforfattarar reiser heim

## Fire Garborg-forteljingar – fire museum

ODDMUND L. HOEL

**Title:** Authors writing in Nynorsk returning home. Four Garborg narratives – four museums

**Abstract:** *In 1924 the author Arne Garborg's summer house Knudaheio in Time, Rogaland, was turned into an authentic house museum, at that time the fifth author museum in Norway and the third dedicated to an author writing in Nynorsk. Three more Garborg museums opened in 1951, 1996 and 2012, also including his wife, the author and cultural worker Hulda Garborg. This study compares the Garborg narratives developed and displayed in the four museums. Quite traditional narratives in the two oldest museums differ from the narratives in the two younger where stronger efforts are made to show the relevance of Arne and Hulda Garborg's life and work today. The Garborg museums are used as a case to investigate what characterizes Nynorsk, and in more general, minority language author museums founded by cultural movements as tools in promoting a linguistic programme.*

**Keywords:** Arne Garborg, Hulda Garborg, Nynorsk, author museums, Knudaheio, Garborgheimen, Labråten, Garborgsenteret

Den som ynskjer å vitje eit museum om forfattarane Arne og Hulda Garborg, kan velje mellom Knudaheio (1924), Garborgheimen (1951), Labråten (1996) og Garborgsenteret (2012). Fire museum for same forfattar eller forfattarpar er eit sjeldsyn og inviterer til ei samanlikning etter fleire dimensjonar når ein spør korleis litteraturen og verksemda til forfattarar blir kommuniserte gjennom museum i dag. Dei fire Garborg-musea ligg på ulike stader i landet – Labråten ligg i Asker i Akershus, dei tre andre i Time i Rogaland. Dei vart etablerte over eit langt tidsspenn, og dei er mu-

seum både for ein mannleg og ein kvinneleg forfattar. I denne artikkelen står det sentralt å identifisere narrativa i dei fire musea – kva skilnadene eventuelt består i, og korleis dei kommuniserer Arne og Hulda Garborg i dag.<sup>1</sup>

I ein internasjonal kontekst var Noreg seint ute med å etablere forfattarmuseum, og dei to fyrste var for nynorskforfattarar: Ivar Aasen-museet i Ørsta (1898) og Vinjestoga i Vinje (Aasmund O. Vinje, 1912). Deretter kom to museum for bokmålsforfattarar, Henrik Ibsen-museet i Grimstad (1916) og Bjørnstjerne Bjørnsons barndomsheim Bjørgan på Kvikne

(1919), før Knudaheio (1924) vart det femte norske forfattarmuseet. Personar eller organisasjonar med band til målrørsla har gjennomgåande vore sentrale i skipinga av desse musea. Ein kan raskt konstatere at *språket* har ein meir framtredande plass i museum for nynorskforfattarar enn for bokmålsforfattarar. Det er rimeleg å tru at Garborg-musea eit godt stykke på veg er representative for andre nynorske forfattarmuseum, og truleg også for andre museum for forfattarar som brukar eit mindre brukta språk.

Mindre opplagt er det kva det språklege har hatt å seie for endring og aktualisering, som det har stått sentralt i TRAUM-prosjektet å undersøkje. Tilknytinga til det språklege prosjektet kan tenkjast å fungere konserverande ved at litteraturen kjem i bakgrunnen og at ein kanskje også av språk- og kulturpolitiske grunnar prøver å halde kunstig liv i forfattarar som elles har lite å tilføre samtidia vår. På hi sida kan det tenkjast at nettopp eit språk- og kulturpolitisk behov for å treffenok i dag, har vore ein drivar for aktualisering av forfattarane og litteraturen i dei nynorske forfattarmusea. For forfattarmuseum med ei lang historie, som fleire av dei nynorske, vil dessutan behovet for reaktualisering trengje seg på.

#### **OMGREPSAVKLARING, FORSKINGSSTATUS OG KJELDEGRUNNLAG**

*Forfattarmuseum* er her nytta som samleomgrep for alle bygningar og institusjonar som er opne for publikum med det føremålet å formidle sider av livet eller verket til forfattaren. Dei fleste litteraturmuseum er forfattarmuseum med namn og funksjon knytt til einskild-forfattarar. Særleg typisk er hus der forfattaren har budd eller iallfall ein stad der forfattaren har sterkt tilknyting (Lund 2016:104–105).

Avgrensar me oss til nynorskforfattarane,

gjeld det både meir eller mindre autentiske barndomsheimar, som Vinjestoga, Garborgheimen og Øver-Dun (Olav Duun), og forfattarheimar frå vaksenlivet til forfattaren, som Labråten, Knudaheio, Fjellvang (Olav Duun) og Leiråker (Åsta Holt). Det gjeld også museum i nyare bygningar som rommar utstillingar, formidlingsaktivitetar og kanskje gjenstandar frå forfattaren, som tre generasjonar Ivar Aasen-museum, Garborgsenteret, Olav H. Hauge-senteret og det komande Vinje-senteret.

Både Knudaheio, Garborgheimen, Garborgsenteret og Labråten er forfattarmuseum i tråd med definisjonen som er lagd til grunn her. Ingen av dei utgjer eigne museum i institusjonell forstand, men inngår i større museumsorganisasjonar (Asker museum og Jærmuseet). Knudaheio og Garborgheimen ligg dessutan under Garborgsenteret, som sjølv omtalar dei tre institusjonane som heimar, senter og "Garborg-anlegg". Likevel utgjer både Labråten, Knudaheio, Garborgheimen og Garborgsenteret fire geografisk åtskilde anlegg, så eg omtalar dei som fire museum.<sup>2</sup>

Det viktigaste og mest relevante nyare forskingsarbeidet for min studie er *Forfattarenes skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk* (Grepstad 2018a).<sup>3</sup> Det gjeld særleg dei to innleiande kapitla av redaktør Ottar Grepstad (2018b; 2018c) og ikkje minst kapitlet hans "Den nynorske feiringa" om jubileum, minnesmerke og museum til minne om nynorske forfattarar (Grepstad 2018d). Mi framstilling av Knudaheio står elles i stor gjeld til det grundige kapitlet om Knudaheio av Hammeraas, Johansen og Undheim (2018). Etableringa av Labråten som museum har fått ei heil bok av arkitekten som stod bak arbeidet – *Hulda og heimen* av Berit Anderson (2001).

Primærkjeldene for denne artikkelen fell i to kategoriar. Den eine er materiale frå feltarbeid i dei fire musea i februar 2018. Eli Bjørhusdal

og eg vitja og studerte alle fire museum, det vil seie alle tilgjengelege rom og utstillingselement innandørs og utandørs. I tillegg fekk me eigne omvisingar av sentrale tilsette ved musea.<sup>4</sup> Musea visste kva føremålet med vitjinga var, så det var ingen autentisk omvisingssituasjon med tilfeldige gjester sjølv om me bad om å få ei mest mogleg ordinær omvising slik dei brukar å gje til grupper av vaksne gjester. Omvisingane gjekk alle tre stader over i samtalar der me også, som varsla på førehand, stilte metaspørsmål om musea og verksemda deira som omvisarar. Det dreidde seg til dømes om kva ulike målgrupper er interesserte i, kva dei gjer annleis med grupper av skuleelevar og om kjeldene for formidlingsopplegga. Metoden var altså ein kombinasjon av observasjon og ustrukturerte intervju. I Garborgsenteret intervjua me avdelingsdirektøren om heile verksemda, både Garborgsenteret, Knudaheio og Garborgheimen, og me observerte at to klassar frå Bryne vidaregåande skule gjennomførte skuleopplegget "Strid". Alle me hadde avtalar med, er røynde museumsfolk med mange års fartstid og store kunnskapar, og dei har sjølve vore sterkt medverkande i å forme musea og formidlingsopplegga. Me tok feltnotatar og fotograferte alle fire stader under omvisingane og samtalene.

Den andre kategorien primærkjelder er det skriftlege underlagsmaterialet for formidlingsverksemda. For Garborgheimen og Knudaheio er to bøker av kulturarbeidaren Sigbjørn Reime særleg viktige (Reime 2009 og 2010). Reime var i fleire tiår den sentrale formidlaren i Knudaheio og Garborgheimen og fortel at han "snakka for gjester av alle kategoriar som kjem til bygda vår for å høyra om Arne Garborg" (Reime 2010:7). Det som gjer bøkene særslig relevante for denne studien, er at dei fungerer som oppslagsverk og utgjer det klart viktigaste grunnlaget for den munnlege formidlinga

Garborgsenteret driv i Knudaheio og Garborgheimen i dag.<sup>5</sup>

## MINNEPOLITIKK OG NARRATIV

Det berande omgrepet i *Forfattarens skriftstader* er "minnepolitikk". Det dreiar merksemda mot korleis bestemte aktørar vel ut bestemte minne frå fortida og utelet andre for å fremje interesser og verdiar gjennom identitetsbygging i samtidia (Selberg 2012:22, Grepstad 2018b:11). Boka viser korleis det både er fruktbart og naudsynt å analysere forfattarmuseum, monument og jubileum som resultat av ein vilje frå historiske aktørar til å *oppnå* noko, og korleis forma gjennom ein prosess der ei rekke ulike faktorar har spela inn. Denne tilnærminga er ikkje minst relevant for dei nynorske forfattarmusea der målrørsla har vore sentral i etableringane.

Siktemålet med denne artikkelen er ikkje primært å analysere minnepolitikken som var med på å gje Garborg-musea den forma dei har fått, men å studere korleis Garborg-paret blir kommunisert gjennom musea. Det vil her seie å sjå på kva forteljingar musea formidlar om Arne og Hulda Garborg, forfattarskapane og livsverka deira, og kva som har forma desse forteljingane. Dette inkluderer ikkje berre det intensjonelle, men også det seigliva og kanskje umedvitne i formidlingstradisjonane som er verksame i dag og har teke form over lang tid, ikkje minst gjennom møtet med museums gjester. Eg ynskjer altså å identifisere kva *Garborg-narrativ* ein finn i dei fire musea og korleis dei eventuelt måtte skilje seg frå kvarandre. Eit "narrativ" blir vanlegvis forstått som ein logisk struktur som skapar meinings i sekvensar av hendingar, handlingar og opplevelingar, altså skapar og formidlar ei forteljing. Når eg brukar "narrativ" og ikkje "forteljing", er det ut frå eit



*Fig. 1. Skrivestova til Garborg i Knudaheio, Time kommune i Sørvest-Noreg, sett frå hagen. Foto: Oddmund L. Hoel, 2018.*

omgrepsskilje der dei mange forteljingane som møter museumsgjesten utgjer byggjesteinar i eit samansett narrativ, forstått som analytisk produkt (Kaldal 2002:55).

Det er store variasjonar mellom dei fire Garborg-musea både når det gjeld geografisk plassering, kva type tilknyting Hulda og Arne Garborg hadde til bygningane, kor lenge dei har vore museum, målgrupper for musea og i institusjonell tilknyting. Såleis kan ein òg vente å finne store variasjonar i formidling og vektlegging. Dessutan vert som nemnt Knudaheio og Garborgheimen drivne av Garborgsenteret, og dei tilsette ved Garborgsenteret står føre formidlinga ved alle tre musea. Det gjer ei samordning og differensiering av ulike formidlingsopplegg og målgrupper på dei ulike institusjonane enklare. Som Reime har sagt det: Å vitje både Garborgheimen og Knudaheio er ”omtrent som ei reise i tid og stader –

*hans tid og hans tilknyting til dei to stadene”* (Reime 2010:7) – seinare er også Garborgsenteret kome til.

Labråten vert drive av ein museumsinstitusjon (Asker museum) og eit formidlingsmiljø utan direkte formelle eller operative band til musea i Time. Intervjua tyder heller ikkje på at det er særleg tett og hyppig kontakt mellom Labråten og Garborgsenteret. Det gjer ei samanlikning meir interessant enn om det hadde vore fire institusjonar med mykje kontakt og samordning.

Hypotesen er såleis at det kan identifiserast særskilte narrativ for kvart av dei fire musea der einskildhendingar i forfattarens liv og verk blir bundne saman til ein meiningskapande heilskap, der heterogene faktorar blir knytte saman, og der det blir skapt bruer mellom tida forfattaren levde i og i dag (Olden-Jørgensen 2001:302).

## KNUDAHEIO (TIME)

Knudaheio er eit godt døme på eit forfattarmuseum som er iscenesett av hovudpersonen sjølv. Harald Hendrix har dokumentert kor sentral sjølvscenesetjing frå forfattarens side er i mange forfattarmuseum (Hendrix 2007, jf. Hammeraas *et al.* 2018:176). Arne Garborg var 47 år då han kjøpte tomta i Knudaheio i 1898, nokre kilometer frå barndomsheimen i Time. Året etter stod det enkle sommarhuset ferdig, som Garborg nytta som skrivestove dei fleste somrar fram til han døydde 14. januar 1924. Av dei litterære verka til Garborg er særleg *Knudahei-brev* (1904) knytt til staden, eit verk som også har vore heilt sentralt i å definere Garborgs tilknyting til Knudaheio for ettertida.

Time mållag gjorde i august 1923 avtale med Arne Garborg om råderett over Knudaheio mot å halde tilsyn med eigedomen når Garborg ikkje var der. Hulda Garborg overlet året etter Knudaheio til Time kommune medan Time mållag tok imot besøkjande og gjorde eit visst vedlikehald (Hammeraas *et al.* 2018).

I juni 1925 vart urna til Arne Garborg sett ned i ein haug i hagen i Knudaheio, og ti år seinare vart urna til Hulda Garborg sett ned same staden. Slik vart Knudaheio også ein varig minnestad og ein gravplass slik Arne og Hulda Garborg ynskte (Hammeraas *et al.* 2018:180). Det hadde byrja å kome folk for å sjå Knudaheio alt medan Garborg levde. Etter 100-årsjubileet for Garborgs fødsel i 1951 strøymde Garborg-turistane til, i 1970-åra kring 6 000 årleg (Hammeraas *et al.* 2018:201). Time mållag dreiv Knudaheio heilt til Time kommune overtok i 1997 og kompetanse frå Jærmuseet vart kopla inn. No vart Knudaheio tilbakeført til ei meir autentisk form.

Knudaheio byr på den mest intime opplevinga av dei fire musea. Her kjem ein inn i

rommet der Arne Garborg oppheldt seg det meste av tida han var i huset. Her står bordet, stolane og senga hans, nett slik som på fotografi av Garborg i Knudaheio. Det er som om han berre har reist seg frå bordet midt i arbeidet med *Knudahei-brev* og gått ut rett før museumsgjesten kom inn. Ein må ha med omvisar for å kome inn, og slik vil forteljingane til omvisaren mest alltid også vere ein del av museumsopplevelingen. Det einaste som viser at dette er eit museum, er ei sperring framfor senga, ei lita veggutstilling med fotografi og bokomslag i det tilstøyande rommet, og QR-kodane til Garborgløypa (2015), ei 20 km lang løype mellom Knudaheio, Garborgheimen og Time kyrkje. I denne løypa kan ein på kring 60 punkt få opp lydspor eller små filmar med dramatiseringar på smarttelefon/nettbrett. Innhaldet er henta frå Haugtussa, *Fred*, *Knudahei-brev* og dagbökene.<sup>6</sup>

Sigbjørn Reime si bok utgjer som nemnt hovudgrunnlaget for dagens formidling i Knudaheio. *Knudahei-brev* er den eine hovudkjelda for Reime. Garborg skreiv *Knudahei-brev* mellom 1899 og 1902 (utgjeve 1904), altså dei tre første åra han var der. Den andre hovud-

*Fig. 2. Garborgs inventar i opphaldsrommet i Knudaheio. Foto: Eli Bjørhusdal, 2018.*



kjelda til Reime er Garborgs dagbøker (Reime 2010:8). Gjennom grundig lokalhistorisk gransking er dette supplert med andre skriftelege kjelder og munnleg tradisjon etter folk som møtte Garborg på bygda eller i Knudaheio.

Det gjennomgående temaet i formidlinga i Knudaheio er Arne Garborg sitt forhold til Jæren og jærbuane etter 1899. Det er ei forteljing Garborg sjølv i stor grad la grunnlaget for. *Knudahei-brev* og dagbøkene er ei oppkome av små historier og episodar. Det er likevel ikkje fortalt som ei eindimensjonal lokalpatriotisk historie om forfattaren sin elsk til Jæren sjølv om slike innslag både finst hjå Garborg og i Knudaheio-formidlinga. Det berande er tvert om ambivalensen hjå "den einsame diktaren som i godt vaksen alder vende heim att", om diktaren som kom "heim" som ein framand (Reime 2010:8). Eit døme Reime framhevar, er då Garborg kjøpte grunnen til huset. Han signerte kjøpekontrakten med "Aadne E. Garborg", barndomsnamnet han la frå seg då han flytte frå Jæren og etter kvart vart den internasjonalt kjende forfattaren "Arne Garborg" (Reime 2010:25–26).

Det sentrale motivet i dei mange småforteljingane om Garborg i Knudaheio går på korleis Garborg sjølv levde eit enkelt liv, i det daglege som ein bygdemann, korleis han sjølv karakteriserte utsynet frå Knudaheio over landskap og folk på Jæren, og korleis bygdefolket såg på han med eit skeivt blikk og lo av han. Ein bonde skal til dømes ha sagt at han kunne ha skrive *Haugtussa* sjølv.<sup>7</sup> Knudaheio-narrativet slik det står fram gjennom både den skriftelege og munnlege formidlinga, oppmodar såleis, med bakgrunn i Garborgs eigne utsegner, til problematisering og refleksjon kring kva det vil seie å vere "heime" og ein framand, om sosial og geografisk mobilitet og kulturmøte.

Samstundes inneholder Knudaheio-narrativet nokre klare avgrensingar. Berande er som

nemnt motivet om "den einsame diktaren" som vender heim for å få arbeidsro, men som også vart mistydd av jærbuane (Reime 2010:8). Dette er eit problematisk bilet av Arne Garborg. Han budde som me skal sjå framleis det meste av året på Labråten, i sentrum av eit sterkt og pulserande kulturmiljø. For å spissformulere: Å møte Garborg i Knudaheio er som å møte dagens kjendisar på hytta om sommaren.

Her er det òg relevant å dra inn ein viktig funksjon Knudaheio hadde frå byrjinga. I august 1924 opna Rogaland Landsgymnas på Bryne, 12 km frå Knudaheio. Arbeidet for "norske gymnas" og skapinga av "norske embetsmenn" var noko Arne Garborg engasjerte seg sterkt i, og som målrørsla arbeidde for (Høydal 2007:22–27). Ved å etablere lands-gymnas som gjorde vegen til Universitetet lettare for bygdeungdom, var tanken å skape ein nynorsk-skrivande samfunnselite.

Alt nokre veker etter opninga i 1924 hadde Rogaland Landsgymnas skuletur til Knudaheio, og frå det første kullet i 1928 og fram til 1970-åra hadde avgangselevane frå lands-gymnaset russedåpen i Knudaheio der raude russeluer vart bytte ut med svarte studentluer (Hammeraas *et al.* 2018:182–195). Slik fekk Knudaheio tidleg to rituelle funksjonar: det var gravstaden og minnestaden for forfattarparet, og det var ein stad der gymnasiastar på veg ut i student- og voksenlivet vart minna om det kulturpolitiske kallet dei hadde. Russetradisjonen knytte seg primært til Garborgs kulturpolitiske aktivisme og Kristiania-romanaen *Bondestudentar* (1885) og skil seg ut frå Knudaheio-narrativet slik det har teke form. Garborg som målmann og nynorskspioner blir framleis mykje framheva i Knudaheio, men med bortfallet av russetradisjonen miste li-kevel Knudaheio-narrativet eit element som gjorde det breiare.

Me kan oppsummere at Knudaheio-narra-

tivet særleg kommuniserer dei siste 25 åra av Garborg sitt liv, og innanfor desse åra sommar-månadene då Garborg oppheldt seg der. At den som fysisk vitjar Knudaheio vil få eit sterkare inntrykk av Garborgs tilknyting til Knudaheio og Jæren enn andre sider av livet hans, er nok noko som ingen formidlingsstrategiar uansett kan gjere noko med.

### GARBORGHEIMEN (TIME)

Jærstova på Garborg vart bygd eit par år før Arne Garborg vart fødd i 1851, og han budde her til han flytte heimanfrå i 16-årsalderen (1867). Familien budde i stova til faren tok li-vet sitt i 1869. Rogaland Ungdomslag gjekk sist

i 1920-åra i spissen for å berge heimen i sam-band med at det skulle vere utskifting på gar-den. Den nye eigaren ynskte å flytte huset etter utskiftinga, og korkje Fortidsminneforeningen si private freding eller initiativ frå riksantikvar Harry Fett om å få Time kommune eller No-regens Ungdomslag til å gjere noko for å ta vare på huset, ført fram.<sup>8</sup> Det vart Time privatbank som greip inn og kjøpte huset i påvente av ei landsinnsamling,<sup>9</sup> men det neste tiåret lukkast det ikkje Rogaland Ungdomslag og andre fri-villige krefter å skaffe finansiering både til kjøp og vedlikehald. Eit nasjonalt initiativ i 1939 frå Garborg-venene og målfolka Inge Krokann, Knut Liestøl, Rolf Thesen og Karen Grude Koht var viktig for å få Time kommune til å ta

*Fig. 3. Garborgheimen sett frå vegnen mellom parkeringsplassen og inngangen, nokre få kilometer frå Knudaheio. Foto: Eli Bjørhusdal, 2018.*



på seg vedlikehaldsansvaret, og kjøpesummen vart finansiert av Rogaland Ungdomslag med tilskot frå det statlege Pengelotteriet. I april 1940 vart så huset overdrege til Time kommune.<sup>10</sup> Huset var freda av Riksantikvaren i 1939, og det opna for publikum til hundreårsjubileet for Garborgs fødsel i 1951.

Nokre få gjenstandar var i stova i barndomen til Arne Garborg medan det meste av inventaret er frå same periode, men har kome til stova etter Garborgs tid.<sup>11</sup> Garborgheimen måtte fram til opninga i 1951 rekonstruerast i langt større grad enn Knudaheio. Det meste av innbuett er funne i Time og valt ut i samråd med eldre folk som vitja Garborg-heimen i si ungdomstid, heiter det i ei eldre framstilling (Nordsletten 1962:28). Time mållag hadde tilsynet fram til Jærmuseet og Garborgsenteret overtok.

Garborgheimen er tilrettelagd på same måte som Knudaheio. Ein slepper berre inn i lag med ein omvisar, og det er svært sparsamt med tekstar og plansjar ut over Garborgløypa sine QR-kodar. Det er dei tidsautentiske gjenstandane og inventaret i den fullt møblerte stova som dominerer. Det vert i formidlinga lagt vekt på at bygningen har verdi i seg sjølv, ut over tilknytinga til Garborg.<sup>12</sup> Ho er ei av dei mest typiske og best bevarte jærstovene frå midten av 1800-talet og har såleis også ein viktig bygningshistorisk verdi ved å representere den tradisjonelle byggjeskikken på Jæren. Omvisinga byrja ute, der ein ser Høgjæren og får høre vel så mykje om Jæren og bondesamfunnet som om Garborg.

I Garborgheimen-narrativet utgjer den faktiske barndomen til Arne Garborg det eine hovudinnslaget, med forteljingar om korleis arbeids- og familielivet var på garden, og korleis oppveksten hans arta seg. Det mest sentrale objektet i denne delen av forteljinga er den blå kista der Arne gøydde bøkene sine i forståing



Fig. 4. Kista frå Garborgs barndom står i det inste rommet i Garborgheimen. Foto: Eli Bjørhusdal, 2018.

med mora slik at faren ikkje skulle sjå at han kasta bort tida på lesing. Dette er den einaste gjenstanden ein veit at har tilhørt Garborg-familien. Det er òg den delen av barndomsforteljinga som sterkest peikar fram mot at det var ein stor forfattar og skribent som voks opp i stova. Den sosiale, kulturelle og politiske konteksten Garborg-familien levde i og den framståande posisjonen som faren Eivind Garborg hadde i bygda, blir poengert.

Det andre hovudinnslaget i Garborgheimen-narrativet er knytt til den litterære barndomen til Garborg, særleg slik Garborg framstilte og fortolka han gjennom *Fred* (1892), men også dei andre jærromanane. Som nemnt er det også for Garborgheimen ei bok av Sigbjørn Reime (2009) som ligg til grunn for dagens formidlingsverksemd. Reime utnyttar eit breitt historisk kjedemateriale, men først og fremst *Fred*: "Mitt utgangspunkt blir dermed at ein gjennom ei reflektert tolking av *Fred* og andre deler av Arne Garborg sin forfattarskap, særleg jærverka, kan finna ut og forstå meir av bakgrunnen hans" (Reime 2009:10).

I denne analysen er det irrelevant kor langt *Fred* og dei andre skjønnlitterære verka kan brukast som kjelder til den faktiske barndo-

men til Garborg. Det relevante her er at særleg *Fred* spelar ei svært sentral rolle i formidlinga og i opplevelinga ein har av besøket i Garborgheimen. Så sterk er identifikasjonen at ein kan bli i tvil om det var Eivind Garborg eller romanfiguren Enok Høve som las i Bibelen som ligg i stova og sat i stolen som den besøkande sjølv kan setje seg i, og å vitje Garborgheimen blir på denne måten like mykje å vitje eit litterært univers som ein historisk barndomsheim. Gjennom Garborgløypa sine QR-kodar kan ein også få videoklypp med dramatiserte utdrag frå *Fred*, filma på staden ein står når ein ser dei på video. Dei tre sentrale rollefigurane i dei korte videofilmane er Enok Høve, Veslemøy og Arne Garborg. Den strenge oppveksten etter den pietistiske vekkingsbølgja som Eivind Garborg vart frelst av, og familietragedien med farens sjølvmord i 1869, også framstilt i *Fred*, gjer det til ei sterk og gripande forteljing.

Fig. 5. Ein av dei fargerike stovene i Labråten slik Hulda Garborg innreidde ho. Foto: Oddmund L. Hoel, 2018.



Dette vil seie at Garborgheimen-narrativet er meir enn ei historisk-biografisk tolking av verka til Garborg. I tillegg til den historiske personen Garborg møter ein også det litterære universet hans, såleis møter den besøkande ei blanding av autentisitet og litterær fiksjon. Omvisaren strekar også under at mange av dei som kjem på vitjing, særleg eldre folk, har lese *Fred* og har det som si viktigaste referanseramme i møtet med Garborgheimen.

### LABRÅTEN (ASKER)

Frå dei gifte seg i 1887 budde Hulda og Arne Garborg på Kolbotnen ved Tynset, og dei kom i 1897 til Labråten på Valstad i Asker (Obrestad *et al.* 1997:20). Veneparet Rasmus og Marta Steinsvik hadde kjøpt Labråten same hausten, og Garborg-paret overtok hovudbygningen medan Steinsvik-paret flytte til eit nytt



Fig. 6. Garborgs skrivebord på arbeidsrommet i 2. høgda med eit portrett av Ivar Aasen bak lampa.  
Foto: Oddmund L. Hoel, 2018.

hus like attmed. Her budde dei livet ut med unntak av somrane då Arne Garborg oftast var i Knudaheio.

På Labråten vart Garborg-paret sentrum i "Askerkretsen" eit miljø av kunstnar, intellektuelle og norskdomsaktivistar (Fidjestøl 2014:247). "Askerkretsen" er ein nyare konstruksjon i den forstand at omgrepene er nytt, og at ettertida truleg i sterkare grad har oppfatta dette som eit kulturmiljø enn mange av deltakarane såg det som i samtidene. Omgrepet vart nytta av Karl Nilsen i ei bok frå 1979 om kunstnarar frå Asker (1979:74), og meir eksplisitt knytt til Labråten og Garborg-paret av Haakon Mehren i 1992 som omtalte "Askerkretsen" som "en av de betydeligste åndssam-

menslutninger i vår historie", med Garborg-paret sitt "gjestfrie hus Labråten" som møtestad (1979:32).<sup>13</sup>

Like ved Labråten budde kunstnarparet Otto og Tilla Valstad, og Valstsads samlingar vart i 1949 starten på Asker museum.<sup>14</sup> Det vart kjøpt av Asker kommune og opna for publikum som ein del av Asker museum i 1996. I den omfattande restaureringa 1995–96 vart det avgjort å tilbakeføre interiøret til kring 1915, det vil seie etter ei større utviding av huset og etter at Garborg-paret hadde brukt ein del år på å få huset slik dei ville. Møblar og gjenstandar var gjennom åra tekne vare på av familien (Anderson 2001:139–146). Medan målrørsla var heilt avgjerande i å sikre Knudaheio og Garborghei-

men, var det museumsmiljøet i Asker utan tette band til den organiserte målrørsla som tok hand om Labråten.

Labråten er sterkt prega av Hulda Garborg. Det var ho som innreidde, dekorerte og forma huset, og ho var den sosiale krafta i heimen og i miljøet kring Labråten. Medan Knudaheio og Garborgheimen står i formidlingstradisjonar attover til Arne Garborgs levetid, fanst det knapt nokon formidlingstradisjon knytt til Labråten før 1996. Anlegget til Asker museum på Hvalstad ligg i dag i eit tettbygd strok, men museumsbygningane, hagane og grøntområda gjev samstundes staden eit bygdepreg, slik området på Garborgs tid også låg i grenselandet mellom det urbane og det rurale med ekspanderande busetnad langs jarnbanen. Labråten var eit gardshus, men står i dag like mykje fram som ein 1800-talsvilla med innslag av sveitsarstil. Asker museum omtalar staden som "Labråten – Hulda og Arne Garborgs heim" der rekkjefølja langt frå er tilfeldig. Arkitekt Berit Anderson som hadde ansvaret for restaureringa i 1990-åra, kallar boka si om huset og restaureringsarbeidet for *Hulda og heimen. Heimestell og nasjonsbyggging hos Hulda og Arne Garborg* (2001), og ho presiserer at Hulda kjem meir i fokus enn Arne "fordi hun var mer engasjert i arbeidet med hjemmet enn han" (Anderson 2001:7). At Hulda var hovudpersonen på Labråten, også sosialt og i det omfattande kulturarbeidet som hadde Labråten som sentrum, er grundig dokumentert både i biografiene til Arnhild Skre og Alfred Fidjestøls bok om Askerkretsen (Skre 2011; Fidjestøl 2014).

På omvisingane på Labråten blir det lagt vekt på korleis Hulda Garborg forma huset, både gjennom sitt eige dekorasjons- og husflidsarbeid, og gjennom styringa av oppsussingsarbeidet i heimen og møblering. Ein av dei største skilnadene fra Knudaheio og Garborgheimen er såleis framhevinga av Hulda.

Samlivet mellom Hulda og Arne blir òg vigg mykje merksemd, som eit ukonvensjonelt og moderne samliv. Den eine berebjelken i "Labråten-narrativet" er såleis verksemda til Hulda, heimen og samlivet, den andre berebjelken er forteljinga om det kulturmiljøet dei stod sentralt i. Kunstverk, gjenstandar, bygningar på eigedomen og andre bygningar i grannelaget er handfaste innfallsvinklar til dette kulturmiljøet. På veggen heng kunst av Kitty Kielland og andre kunstnarar i omgangskrinsen. Slik blir Labråten ei konkret manifestering av "Askerkretsen" som gjennom eit par–tre tiår spela ei svært viktig rolle i norsk kulturliv, intellektuelt liv og politisk liv.

Hovudinnslaget i Labråten-narrativet blir dermed Hulda og Arne Garborg som forfattarar, kulturentreprenørar, leiarar og organisatorar i eit urbant nasjonalt elitesjikt. Det politiske og institusjonsbyggjande arbeidet blir framheva, særleg målsaka med etableringa av Det Norske Teatret der både, og særleg Hulda, var viktige, pressearbeidet med den nynorske riksavisa *Den 17de Mai* (1894) der Rasmus Steinsvik var redaktør og Arne Garborg ein viktig medarbeidar, og anna engasjement for målsaka og radikal politikk. På Arne Garborgs arbeidsrom i 2. høgda er koplinga hans til målsaka og målrørsla særleg synleg. I omvisinga vart den breie internasjonale kontakten deira òg framheva. Eit vanleg innslag i opplegget, særleg med born og ungdom, er å prøve seg på folkeviseleik som Hulda gjorde eit stort arbeid for å fremje. Av dei litterære verka til Arne blir helst *Haugtussa* og viser som "Småsporven" nyttta.

Labråten-narrativet utgjer eit klart alternativ til biletet av Arne Garborg som eit einsamt diktargeni frå bygde-Noreg – tvert om blir Labråten sentrum i ei forteljing om eit par som verka i eit stort urbant kollektivt miljø og som ei motkulturell kraft på nasjonalt plan.

**GARBORGSENTERET (TIME)**

Arbeidet for det som vart kalla eit "Nasjonalt Garborgsenter" i Time sprang ut av det nasjonale Garborg-jubileet i 2001 etter at ideen hadde vore framme under planlegginga av jubileet sist i 1990-åra. Time mållag var leiande i den fyrste fasen, og Jærmuseet tok over ansvaret for prosjektet i 2008. Etter ein del diskusjonar om lokaliseringa vart det avgjort at Garborgsenteret skulle ligge i eit nytt kultur- og forretningsbygg saman med Time bibliotek i Bryne sentrum der senteret opna i 2012. Garborgsenteret kallar seg i nettomtala ein "nasjonal formidlingsarena for Arne og Hulda Garborg" og eit "interaktivt museum".<sup>15</sup>

Garborgsenteret er det einaste av dei fire Garborg-musea som er basert på utstillingar der publikum går fritt rundt. Medan Knudheio og Garborgheimen berre dreiar seg om

Arne Garborg, er Hulda Garborg tungt representert i Garborgsenteret. Den faste hovudutstillinga har tittelen "Mot til å meina, styrke til å skapa", som òg var motto for Garborg-året 2001 (Hovland *et al.* 2002). Utstillingane presenterer Garborg-paret som kulturarbeidarar, forfattarar og samfunnsengasjerte personar med eit breitt verkeområde. Hovudseksjonane er om ekteparet, demokrati, litteratur, politikk, språk, livs- og samfunnssyn og modernitet og tradisjon. Det står sentralt å vise korleis Hulda og Arne Garborg engasjerte seg i ei rekke brennande samfunnsspørsmål og levde med engasjementet. Attåt tekst- og biletbaserte plansjar er det interaktive skjermar med utdjupande informasjon, taktile utstillingselement særleg mynta på born og ungdom og lyttesonar.

Det interaktive gruppespillet "Strid" blir nytta når skuleklassar er på vitjing. Her blir

*Fig. 7. Ein typisk del av utstillinga i Garborgsenteret, her frå seksjonen som tematiserer demokratiengasjementet. Foto: Oddmund L. Hoel, 2018.*



samfunnsengasjementet aktualisert gjennom ein fiktiv språkstrid i dag. Statsministeren i "Heimland" har gjort framlegg om å gå over til engelsk som offisielt språk, og elevane blir delte inn i fire lag som skal tevla om å vinne ei folkerøysting om spørsmålet. Laga må kommunisere med meiningsfeller og motstandarar, lage reklame, gjere oppgåver og lese nettavisar.<sup>16</sup> Her blir spørsmål om rettferd, demokrati og identitet sette på spissen.

Det er vanskelegare å snakke om eit like tydeleg narrativ i Garborgsenteret som i dei tre andre musea. Garborgsenteret femner breiare tematisk og har eit meir aktivitetsbasert formidlingsopplegg. Eit dominerande motiv er likevel det breie og intense samfunnsengasjementet, og dette er òg innfallsvinkelen til å prøve å gjere Garborg-paret relevant og aktuell i dag. Garborg-senteret er det av dei fire musea som i størst grad prøver å relatere Arne og Hulda Garborg til notida, og det blir lagt større vekt på at dei var engasjerte og kva type saker dei var engasjerte i, enn kva dei faktisk meinte om ulike spørsmål i si eiga samtid. Nårdagens skulelevar skal engasjerast gjennom språkspørsmålet, er det ikkje gjennom å bli engasjerte i Garborg-parets språkstrid (bokmål–nynorsk), men gjennom vår tids spørsmål om bruk av norsk eller engelsk. Slik bidreg Garborgsenter-narrativet på den eine sida til å aktualisere språk, som var eit svært sentralt tema for Garborg-paret, samstundes som det på hi sida indirekte seier at språkstriden som Garborg-paret kjempa, er mindre relevant i dag enn eit nyare språkspørsmål (engelsk mot norsk).

Både for Knudaheio, Garborgheimen og Labråten sin del vart det opplyst i intervjuua at publikum er godt vaksne og gjerne eldre folk, og mange har eit forhold til Garborg-paret frå før, primært gjennom forfattarskapen til Arne Garborg. For dei yngre målgruppene

som Garborgsenteret ynskjer å nå, er det ikkje slik. Etter at Garborgsenteret stod ferdig, vitjar skuleklassar i mindre grad Knudaheio og Garborgheimen.<sup>17</sup>

### REAKTUALISERING OG SAMTIDSRELEVANS

Gjennom framstillinga så langt er ein god del skilnader og likskapar mellom dei fire Garborg-musea poengterte. Det skulle ha kome klart fram korleis arbeidsdelinga mellom Knudaheio, Garborgheimen og Garborgsenteret kjem til uttrykk. I Knudaheio og Garborgheimen blir vekta lagd på autentisitet, Arne Garborgs tilknyting til dei to heimane, livet hans dei periodane han budde der, og korleis tilknytinga til stadene kjem til uttrykk gjennom litteraturen hans. Her blir det i mindre grad tematisert kva som gjer Garborg aktuell og relevant i dag. Det er den person-, litteratur- og kulturhistoriske formidlinga som dominerer, og med eit markant lokalhistorisk tilsnitt: Det er Garborg si tilknyting til Jæren og dei sentrale jærverka, særleg *Fred* og *Haugtussa*, som står i sentrum.

I Garborgsenteret er det Arne og Hulda si rolle i norsk historie som står i sentrum, og det same gjeld Labråten, då med vekt på rolla til kulturmiljøet som Garborg-paret var sentralt i. Her er også den lokale tilknytinga til Valstad viktig, men då som kunstnarkoloni med band til hovudstaden, ikkje tilknytinga til Asker. Framhevinga av samfunnsengasjementet til Arne og Hulda Garborg og aktualiseringa av pareten er sterkest i Garborgsenteret, men ein finn også klare innslag av dette på Labråten. Av dei fire er det i Labråten-narrativet Hulda kjem mest fram og er minst like viktig som Arne, ikkje berre som kulturarbeidar og kunstnar, men òg som politisk aktivist og feminist og ei moderne kvinne for si tid.

Anekdotar og tradert stoff har best vilkår i Knudaheio og Garborgheimen. Når Reime gjer greie for kjeldene sine, legg han til at han ”ikke lenger [kan] seia kor alt anna stoff i denne boka er kome ifrå. Sogene og slåsene etter diktaren har sjeldan nokon direkte opphavsmann” (Reime 2010:9). Det har altså oppstått ein munnleg tradisjon kring Arne Garborg, truleg alt i levetida hans, som er tradert vidare i Knudaheio og Garborgheimen fram til i dag. Slik har bøkene til Reime òg ein viktig kjeldestatus som nedskrivingar av tradisjonsstoff om Arne Garborg. Etter opninga av Garborgsenteret i 2012 er Knudaheio- og Garborgheimen-narrativa vidareførte medan Garborgsenteret har teke seg av reaktualiseringa av Garborgparet der også Hulda er inkludert. Utanom Garborgsenteret ligg den sterkeste fornyinga i Garborgløypa, som nyttar ein høgst moderne formidlingsteknologi og også i form har ungdomlege innslag med bruk av absurd humor. Samstundes representerer også Garborgløypa ein klar kontinuitet i Knudaheio- og Garborgheimen-narrativa, mellom anna med bruken av *Fred* og *Haugtussa*.

Differensieringa speglar seg òg i målgruppene, der det helst er eldre grupper og besøkjande som ynskjer seg til Garborgheimen og Knudaheio medan skuleklassar og yngre målgrupper vitjar Garborgsenteret. Ein praktisk og økonomisk faktor her er også skulane sine sparsame ekskursjonsbudsjett i og med at det krev leige av buss for å vitje Garborgheimen og Knudaheio medan Garborgsenteret ligg midt i Bryne, som er knutepunkt for offentleg transport. Labråten si formidling går mot eit breiare spekter av målgrupper, frå barnehagar og grunnskuleklassar gjennom vidaregåande skule til det typiske museumspublikumet der ein må eit godt stykke oppover i årsklassane.

Kven av dei fire Garborg-musea har vore og er viktigast i å forme biletet av Arne og Hul-

da Garborg? Det er ikkje eit spørsmål det er mogleg å svare særleg presist på. Det meste av den kunnskapen folk har om Garborg-paret, kjem frå andre kjelder enn museumsbesøk. Det som *kan* målast, er kven av Garborg-stadene som oftast er nemnde i dei bøkene, avisene og tidsskrifta frå 1800-talet til i dag som Nasjonalbiblioteket har digitalisert. Der viser det seg at Knudaheio har meir enn dobbelt så mange sokjetreff (4845) som Garborgheimen (2247), som har nest flest. Avgrensar ein soket til aviser og periodiserer grovt, blir biletet det same (fig. 8). Knudaheio er mest nemnd i alle periodar, også etter 1990. Det er først om ein avgrensar soket til perioden 2010–19 at det blir fleire treff på Garborgsenteret (818) enn Knudaheio (630). Samstundes kan me konstatere at Kolbotnen der Garborg-paret budde 1887–97, har fleire treff før 1930 enn Labråten der dei budde frå 1897.

#### GARBORG-MUEA OG DEN NYNORSKE LITTERÆRE KULTUREN

Då Rolf Thesen gav ut trebandsbiografien *Arne Garborg* i 1930-åra, fekk banda titlane *Frå jærbu til europear, Europearen og European og jærbu* (Thesen 1933; Thesen 1936; Thesen 1939). Alfred Fidjestøl konstaterer at biografien ”underkommuniserer fullstendig Arne Garborgs tilknyting til Asker, truleg fordi det ikkje passar inn i den strukturerande dialektikken mellom Jæren og Europa” (Fidjestøl 2014:249). Dette var samstundes i tråd med biletet Arne Garborg ville skape av seg sjølv. Ovanfor er det poengtert korleis Knudaheio er uttrykk for ei sjølvscenesetjing – her ville han bli gravlagd og dermed skape ein permanent minnestad, han la sjølv grunnlaget for at det skulle bli eit museum, og ikkje minst gav han ut *Knudahei-brev*. Den andre staden som knytte Garborg til eit bygdemiljø i vaksen alder, var




Fig. 8. Garborg-musea – treff i aviser, periodisert. Treff på ‘knudaheio’ (men ikkje ‘knudahei-brev’), ‘garborgheimen’ (inkl ‘garborghjemmet’), ‘labråten’ (inkl ‘labraaten’), ‘kolbotnen’ (men ikkje ‘kolbotn-brev’) og ‘garborgsenteret’ (inkl. ‘nasjonalt garborgsenter’) i kombinasjon med ‘garborg’, sok i nb.no (seksjon Aviser), 24. oktober 2019.

Kolbotnen som han sjølv skreiv inn i biografin sin og litteraturen med *Kolbotnbrev* (1890). Garborg gav derimot aldri ut *Labråten-brev* sjølv om det truleg var staden han skreiv flest brev.

Det er vanleg at eit forfattarmuseum kjem på stader forfattaren budde i oppveksten, det galdt både Ibsen (Grimstad 1916) og Bjørnson (Bjørgan 1919). Ein viktig grunn til dette er i dei fleste tilfelle lokale initiativ som vil heidre ei lokal storheit både av kulturelle, økonomiske og omdømemessige motiv. Garborg-musea på Jæren har likevel ein dimensjon ut over dette. Eit systematisk trekk når dei fyrste nynorskforfattarane skulle heidrast, var at musea vart lagde til barndomsbygdene deira. Aasen-museet (1898) i Ørsta og Vinjestoga (1912) i Vinje kom i tuna som Ivar Aasen og Aasmund Vinje forlet i unge år og knapt kom attende til. Musea var med på å framheve forfattarane sine band til bygde-Noreg, slik Garborg stod fram som ein folkets mann med røter i bygdene gjennom den måten han iscenesette seg sjølv i Knudaheio. Slik formidla

dei også ein demokratisk grunntanke som var sentral i målreisingsideologien om at skriftkulturen skulle vere open og tilgjengeleg for vanlege folk og ikkje forskanse seg i høgare danningsinstitusjonar i byane.

Dette kan i breiare forstand setjast i samanheng med den ideologiske og kulturelle profilen til målrørsla i samtida. Ved inngangen til 1900-talet hadde by-bygd- og sentrum-periferi-dimensjonane fått ein framtredande plass i målstriden. Det var ein situasjon målrørsla dels hadde lagt opp til sjølv gjennom eit ideologisk grunnlag som sa at det var bygdene som hadde teke vare på det ekte norske imot byane som var bruhovud for framand kulturimport med det danske skriftmålet som det fremste uttrykket. Samstundes var det også ein posisjon målrørsla vart tvinga inn i gjennom ei riksmålsmobilisering frå 1890-åra som i sterkt grad baserte seg på urban motstand mot bygd og bønder (Hoel 2011:kap. 6 og 10). Jan Inge Sørbø (2018:76–84) har samanfatta korleis dreienda mot det landlege i åra kring hundreårsskiftet både prega den nynorske litteraturen og stod i samband med ei breiare rørsle i europeisk litteratur.

Dei nye Garborg-narrativa som kom med Labråten og Garborgsenteret, var del av ei større nyorientering. I 1980- og 90-åra vart både Arne og Hulda omfatta med ei større interesse i forskingsmiljøa, også dei historiefaglege. Med kring 520 Garborg-arrangement over heile landet var Garborg-året 2001 særleg viktig både for å skape auka interesse for livet og verket til Garborg-paret, og som formidlingskanal for den nyare Garborg-forskinga (Hovland et al. 2002:17). I 2011–12 vart dette forsterka med Hulda-biografien til Arnhild Skre og institusjonalisert med opninga av Garborgsenteret, og i *Nynorsk litteraturhistorie* blir Hulda Garborg kraftig oppvurderd, også som forfattar (Sørbø 2018:110–115). Dette er ei vidareføring

72

av dei kjønnshistoriske perspektiva som har ført til ei sterkare framheving av målkvinnene (jf. Bjørhusdal 2001). Samla har dette supplert Knudaheio- og Garborgheimen-narrativa med ei sterkare framheving av Hulda, verksemda til paret i Asker og Kristiania, og den samfunnskritiske rolla og den politiske aktivismen. Slik sett kan ein sjå noko verdfullt i at Knudaheio- og Garborgheimen-narrativa har unndrege seg ei sterkare reaktualisering. Det er framleis rom for dei, og dei kan få representera ein formidlingstradisjon med lang historie, som i seg sjølv er på veg til å bli ei form for immateriell kulturarv.

*Artikkelen er basert på forskning som del av forskningsprosjektet TRAUM – Transforming Author Museums, finansiert av Norges forskningsråd (prosjektnummer 251225).*

## NOTER

1. Artikkelen er skriven innanfor prosjektet Transforming Author Museums (TRAUM) der Eli Bjørhusdal og eg har stått bak eit delprosjekt om nynorske forfattarmuseum med vekt på Garborg-musea. Denne artikkelen er den fyrste frå delprosjektet, og "me" siktar i artikkelen til Bjørhusdal og meg.
2. Eg held utanfor Kolbotnen på Tynset, som ikkje har vore tilgjengeleg for publikum på mange år (Østigaard 1993).
3. Hovudpublikasjon frå prosjektet "Museum som minnepolitiske institusjonar", støtta av Kulturrådet og gjennomført av Litteraturnettverket der dei norske litterære musea er med. Sjå òg Aarbakke 2018.
4. Eli Bjørhusdal og eg fekk omvising i Garborgheimen og Knudaheio 8. februar 2018 av Ørjan Zazzera Johansen, i Garborgsenteret 9. februar 2018 av Inger Undheim (både frå Garborgsenteret), og på Labråten 12. februar

- 2018 av Fredrikke Hegnar von Ubisch (Asker Museum).
5. Intervju med Ørjan Zazzera Johansen, 8. februar 2018.
6. <https://www.visitnorway.no/listings/garborg%C3%B8ypa/182680/> (sett 27. oktober 2019). Ein QR-kode (Quick Responsive) er ein mosaikkkode som kan lesast optisk og blir omsett til teikn som kan forståast av ei datamaskin.
7. Omvising 8. februar 2018.
8. *Stavanger Aftenblad*, 20. august 1928, *Adresseavisen*, 13. november 1928.
9. *Stavanger Aftenblad*, 3. februar 1929.
10. *Stavanger Aftenblad*, 29. juli 1939 og 28. mars 1940.
11. <https://www.jaermuseet.no/garbogsenteret/garborgheimen/> (sett 27. oktober 2019).
12. Omvising 8. februar 2018.
13. Òg nytt i *Asker og Bærum budstikke*, 26. mai og 7. juli 1994. Dei viktigaste samla framstillingane av Askerkretsen som miljø er Stuvøy 2000, Grepstad 2002 og særleg Fidjestøl 2014.
14. <https://mia.no/askermuseum/det-startet-med-etylss> (sett 27. oktober 2019).
15. <https://www.jaermuseet.no/garbogsenteret/> (sett 27. oktober 2019).
16. <https://www.jaermuseet.no/garbogsenteret/lagsveis-strid/> (sett 27. oktober 2019).
17. Omvising og intervju 8.–9. februar 2019.

## MUNNLEGE KJELDER

- Omvising og samtale med Ørjan Zazzera Johansen, Garborgheimen og Knudaheio, 8. februar 2018.  
Omvising og samtale med Inger Undheim, Garborgsenteret, 9. februar 2018.  
Omvising og samtale med Fredrikke Hegnar von Ubisch, Asker Museum, 12. februar 2018.

## REFERANSER

- Aarbakke, Thea 2018. "[Melding av:] Ottar Grepstad (red.), 2018. Forfattarens skriftstader. Litterære

- museum i norsk minnepolitikk." *Tidsskrift for kulturforskning* 17:2, 89–92.
- Anderson, Berit 2001. *Hulda og heimen. Heimstell og nasjonsbygging hos Hulda og Arne Garborg*. Oslo: Bonytt forlag.
- Bjørhusdal, Eli 2001. *Målkvinner før 1900*. Volda: Høgskulen i Volda.
- Fidjestøl, Alfred 2014. *Frå Asker til Eden. Historia om askerkretsen 1897–1924*. Oslo: Samlaget.
- Garborg, Arne 1890. *Kalbotnbrev og andre Skildringar*. Bergen: Mons Litleré.
- Garborg, Arne 1892. *Fred*. Bergen: Mons Litleré.
- Garborg, Arne 1895. *Haugtussa*. Kristiania: Aschehoug.
- Garborg, Arne 1904. *Knudahei-brev*. Kristiania: Aschehoug.
- Garborg, Arne 1906. *Norske Embættsmenn*. Flagskrift nr. 2. Oslo: Studentmaallaget.
- Garborg, Arne 1924–1927. *Dagbok 1905–1923*. [Redigert av Hulda Garborg.] Kristiania: Aschehoug.
- Grepstad, Ottar 2002. "Askerkretsen: mytar står for fall?" I Ottar Grepstad. *Det nynorske blikket*. Oslo: Samlaget, 336–376.
- Grepstad, Ottar (red.) 2018a. *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk*. Oslo: Samlaget.
- Grepstad, Ottar 2018b. "Litterære museum i norsk minnepolitikk. Ein introduksjon til omgrep og innhald." I Ottar Grepstad (red.). *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk*. Oslo: Samlaget, 11–26.
- Grepstad, Ottar 2018c. "Museum mellom skriftkultur og minnepolitikk. Eit essay om minne og skrift i det nordiske demokratiet." I Ottar Grepstad (red.). *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk*. Oslo: Samlaget, 27–73.
- Grepstad, Ottar 2018d. "Den nynorske feiringa. Minnepolitisk oppbygging av ein skriftkultur 1873–1918." I Ottar Grepstad (red.). *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk*. Oslo: Samlaget, 122–166.
- Hammeraas, Gunhild, Ørjan Zazzera Johansen & Inger Undheim 2018. "Knudaheio som minnestad. Bruken av Arne Garborg si skrivestove på Jæren 1898–1975." I Ottar Grepstad (red.). *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk*. Oslo: Samlaget, 167–211.
- Hendrix, Harald 2007. "Writers' houses as media of expression and remembrance: From self-fashioning to cultural memory." I Harald Hendrix (red.), *Writers' Houses and the Making of Memory*. New York: Routledge, 1–11.
- Hoel, Oddmund L. 2011. *Norsk målreising. Mål og modernisering 1868–1940*. (Bd. 2). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hovland, Elisabeth, Karin Helgøy & Trond Lie 2002. *Mot til å meina – styrke til å skapa. Garborg-året 2001. Sluttrapport*. Bryne: Time kommune.
- Høydal, Reidun 2007. "Upp og fram! Landsgymnaset vert til." I Helge Vold & Gudleiv Forr (red.). *Landsgymnaset*. Oslo: Samlaget, 11–68.
- Kaldal, Ingar 2002. *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*. Oslo: Samlaget.
- Lund, Niels 2016. "Litteraturen og forfatteren på museum. Traditionsformidling udfordret af den stigende musealisering." *Nordisk museologi* 1, 101–120.
- Mehren, Haakon 1992. "En kunstner gjenfødes." I Haakon Mehren (red.). *Aksel Waldemar Johannessen. Vår glemte maler*. Oslo: Gyldendal, 15–48.
- Nilsen, Karl 1979. *Blant kunstnere i det gamle Asker*. Asker: Asker og Bærum Historielag.
- Nordsletten, Ola 1962. *Frå Garborg til Knudaheio. Om Arne Garborg, Garborgheimen og Knudaheio*. Bryne.
- Obrestad, Tor, Hans E. Garborg & Kari Lutnæs 1997. *Labråten. Hulda og Arne Garborgs heim*. Hvalstad: Asker museum.
- Olden-Jørgensen, Sebastian 2001. "Fakta, fortolkning og fortælling. Om narrativitet og historisk videnskab." *Fortid og Nutid* (december), 295–305.

- Reime, Sigbjørn 2009. "Heimen er både vond og god –". *Ei forteljing om liv og lagnader i Garborgheimen*. Bryne: Time kommune/Kulturvern.
- Reime, Sigbjørn 2010. "Heime att –". *Ei forteljing om Arne Garborg og Knudahøi*. Bryne: Time kommune/Kulturvern.
- Selberg, Torunn 2012. "Tradisjon, kulturarv og minnepolitikk." I Anne Eriksen et al. (red.). *Historien in på livet. Diskusjoner om kulturarv och minnespolitik*. Lund: Nordic Academic Press, 9–28.
- Skre, Arnhild 2011. *Hulda Garborg. Nasjonal strategi*. Oslo: Samlaget.
- Stuvøy, Ingunn 2000. "Askerkretsen – målfolket i kunstnerdalen." I Grete Swensen (red.). *Reisen til Akershus – bidrag til fylkets kulturhistorie*. Akershus fylkesmuseum, 109–128.
- Sørbø, Jan Inge 2018. *Nynorsk litteraturhistorie*. Oslo: Samlaget.
- Thesen, Rolv 1933. *Arne Garborg. Frå jærbu til europear*. (Bd. 1). Oslo: Aschehoug.
- Thesen, Rolv 1936. *Arne Garborg. Europearen*. (Bd. 2). Oslo: Aschehoug.
- Thesen, Rolv 1939. *Arne Garborg. Europear og jærbu*. (Bd. 3). Oslo: Aschehoug.
- Østigaard, Arne Dag 1993. *Arne og Hulda på Kolbotnen*. Atnbruia: Sollia forlag.

*Oddmund L. Hoel, ph.d., professor i historie  
oddmund.hoel@hvl.no*

*Høgskulen på Vestlandet – Sogndal  
Institutt for samfunnsvitskap  
Boks 7030  
N-5020 Bergen, Noreg*